

Arkivnr: 2017/17625-6

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.06.2018

Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder 2018**Samandrag**

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Meld. St. 18 (2015-2016), Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet, Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i Regional kulturplan for Hordaland (2015-25)

Føremål med ordninga:

Målet er at alle kommunane i Hordaland skal ha kartlagt og verdsett sine lokale friluftslivsområder innan 2018. Då vert denne kartlegginga truleg ein føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til sikring av friluftsområder. Det er og ønskeleg at kommunane skal bruke det ferdige datagrunnlaget aktivt i planarbeidet for å ivareta friluftslivsaktivitet i den enkelte kommune. Det er kommunar og friluftsråd som kan søkje på ordninga.

Generelt	
Budsjett 2018:	648 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	15. februar
Vedtaks kriteria:	KIRU 19.06.18: PS
Kriteria og informasjon om ordninga:	info på nettsida

2018	
Tal på søknadar:	4 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	4 søknadar
Samla søknadssum:	360 000 kroner
Tilrådd til fordeling:	360 000 kroner

Økonomi: Hordaland fylkeskommune er for 2018 tildelt kr 220 000 til denne ordninga frå Miljødirektoratet til vidare fordeling til innkomne søknadar, og Fylkestinget løyvde kr 428 000 til dette arbeidet i desember. Det er såleis kr 648 000 til dette arbeidet for 2018.

Klima: Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggerane sine nærmiljø.

Folkehelse: Tiltaket er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

Regional planstrategi: Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: eit inkluderande samfunn. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Hordaland fylkeskommune har sidan 2014 jobba aktivt for å få alle kommunane i fylket til å kartlegge og verdisette sine friluftsområder i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M98 innan 2018. Det er krav om at søkjar lagar eit interaktivt kart over friluftsområda og publiserer det på www.naturbase.no. Kvar kommune kan søke om kr 60.000 til kartleggingsarbeidet og kr 30.000 til digitalisering av datagrunnlaget.

29 av 33 kommunar i Hordaland har starta arbeidet med å kartlegge og verdisette sine friluftsområder. I 2018 har dei siste 4 kommunane søkt om midlar til oppstart og gjennomføring av dette arbeidet. Desse 4 kommunane var grunnlaget for Hordaland fylkeskommune sin søknad til Miljødirektoratet 1.mars. For 2018 har Klima og miljødepartementet avsett kr. 7 mill. kroner til denne ordninga. Hordaland fekk tildelt kr 220.000 frå Miljødirektoratet. Det er eit krav om minimum 50% eigenandel. Fylkestinget i desember løyvde kr 428 000 til kartlegging og verdisetting av friluftsområder for 2018.

Fylkesrådmannen tilrår å løyve kr 360.000 til dei 4 søkarkommunane. Fylkesrådmannen innstiller på å løyve dei resterande midlane, kr 288 000, til tiltak som gjeld rettleiar- og prosjektkompetanse på tvers av kommunane. Fleire av kommunane som har fått tilsegn på midlar tidlegare år frå denne ordninga, har av ulike grunnar ikkje ferdigstilt sitt arbeid, og ønskjer ekstern bistand. Hordaland fylkeskommune har sidan 2015 hatt ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd knytt til dette arbeidet. Erfaringane med å ha ein prosjektleiar som kan bistå dette arbeidet på tvers av kommunane har vore positive. Hordaland fylkeskommune vil bidra med kommunebesøk og rettleiing i arbeidet, og følgje opp kommunane til å nytte datagrunnlaget aktivt i planarbeid i etterkant. Fylkesrådmannen vil førebu og setje i verk dette arbeidet og vil halde utvalet orientert i eiga referatsak.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 648 000 kroner over budsjettpost 10.400.450.21 til kartlegging og verdsetting av friluftsområder slik:

Nr.	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1.	Jondal kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
2.	Eidfjord kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
3.	Bømlo kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
4.	Masfjorden kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
5.		Fagleg oppfølging av kommunane med mål om prosjektgjennomføring innan 2019.	288 000
	Summert		648 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.